



SAMNANGER KOMMUNE  
Tyssevegen 217  
5650 TYSSE

Dato: 03.01.2019  
Vår ref.: 2018/73-14  
Saksbehandlar: Bjørg Larsen  
Dykkar ref.: 17/688/18/3949/7/MEHH

## Medfinansiering til bygging av idrettshall i Samnanger kommune

Fylkestinget vedtok 11. desember 2018 å løyve kr 2 mill. årleg til medfinansiering til kommunar som ikkje har idrettshallar. Øygarden og Samnanger kommune får tildelt kr 1 mill. kvar for 2019.

### FØRESETNADER FOR TILSKOTET:

- Til grunn for tilskotet ligg dykkar søknad. Eventuelle vesentlege endringar skal meldast til Kultur- og idrettsavdelinga.
- Den regionale kulturplanen er styrande for tildelingar.
- Det er ein føresetnad for tildelinga at krav til god økonomiforvaltning, kontroll og rapportering vert følgt.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskotjeevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/Omfylkeskommunen/Profilhandbok/Logo/>. Sjekk at de brukar Hordaland fylkeskommune sin gjeldande logo, og på rett måte.
- Det er ein føresetnad at tilskotsmottakarar som har opne, publikumsretta aktivitetar aksepterer og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følge.
- Vi gjer merksam på at dersom verksemda mottar meir enn 50 % av inntektene frå det offentlege, vert verksemda omfatta av "lov om offentlige anskaffelser".

### GENERELLE RETNINGSLINER FOR UTBETALING AV LØYVD TILSKOT:

- Det kan søkjast om delutbetaling etter framdrift og likviditetsbehov. Søknad om delutbetaling må innehalde ein statusrapport om framdrift av arbeidet.
- Løyvd tilskot skal i hovudsak nyttast i tildelingsåret. Tilskot som ikkje vert teke ut innan 2 år etter at tilsegn er gjeve, det vil seie datoен på tilsegbrevet, vert inndrege.
- Sluttutbetaling skjer etter at sluttrapport, ferdigattest og revidert rekneskap er sendt inn. Inntil revidert rekneskap og sluttrapport ligg føre, skal Hordaland fylkeskommune halde attende minst 25% av tilskotet.
- Sluttrapport må vise at anlegget er fullført i samsvar med godkjende planar.
- Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har til ei kvar tid rett til å kontrollera at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Tilskotsmottakar pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll.

## REGIONAL KULTURPLAN

Premiss: Kultur Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025 legg føreseielege rammer for regionale satsingar innan museum og kulturminnevern, arkiv, kunstproduksjon og kunstformidling, bibliotek, fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv i åra fram mot 2025.

Fokus på barn og ungdom er ei gjennomgåande satsing i kulturplanen. Hordland fylkeskommune oppmodar difor om å legge til rette særskild for desse målgruppene.

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

Britt Karen Spjeld  
leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*